



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

NVE

nve@nve.no

15.01.2025

Dykkar ref: 20211117

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
1-25

1-25 Høyringsuttale detaljplan for miljø og landskap - Illvatn pumpekraftverk - Luster kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) mottok den 13.12.2024 detaljplan for miljø og landskap frå Hydro energi AS for Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune, Vestland fylke. Detaljplanen er sendt på høyring. Merknader kan bli sendt til NVE innan 24.01.2025.

Kommentarar til detaljplanen:

1. Avgrensa periode for anleggsaktivitet.
Trekke sørvestover på våren er kanskje den mest sårbare perioden for villrein i dette området? Frå slutten av mars startar bukkane trekket frå vinterbeitområda og mot sommarbeitområde i sørvest (trekk frå Skjåk og inn i Luster, tidvis i området Illvatnet). Fordel om anleggsperioden ikkje startar for tidleg på våren.
2. Innføre varslingsrutinar om villrein i tiltaksområdet.
Varsling har ofte vore til Reinheimen-Breheimen villreinutval v/ sekretær, men er kanskje like aktuelt at det går til Luster Austre Fjellstyre v/Inger Moe i dette tilfellet?
3. Det bør bli gjennomført avbøtande tiltak som til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet dersom det blir oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet (i synsavstand / 1 km).
4. Helikoptertrafikk og avstand til villrein.
Ikkje så enkelt å finne studie som underbygger konkrete avstandskrav. Men villreinnemnda har i fleire tilfelle brukt 1 km i liknande saker. Ut i frå føre-var prinsippet og tilbakemeldingar frå årlege minimumsteljingar frå villreinutvalet med helikopter, trur vi ein km er ein grei buffer.

Helsing

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær